

Referat frå årsmøte i Time historielag 11.02.25, Undheim samfunnshus.

Årsmøtesaker:

1. Val av møteleiar:
Tarald Oma vart føreslegen, og vald.
2. Godkjenning av årsmøteinnkalling og saksliste:
Godkjend.
3. Val av møtereferent:
Karen Time vart føreslegen, og vald.
4. Val av to til å skriva under møteboka:
Ingrid Eikeland og Bolette Hognestad Ree vart føreslegne, og valde.
5. Årsmelding:
Årsmeldinga for 2024 vart vist på storskjerm og gjennomgått av Tarald Oma.
Godkjend utan kommentarar.
6. Rekneskapen:
Kasserar Ingvar Reime viste resultatrekneskapen på storskjerm og gjekk gjennom postane.
Rekneskapen vart godkjend utan kommentarar.
7. Kontingent for 2025:
Styret hadde forslag om uendra kontingent i 2025, 250 kr.
Dette vart vedteke utan kommentarar.
8. Val:
Valnemnda v/ Jostein Stokka la fram si innstilling.
Leiar Tarald Oma var på val, og vart attvald for 2 år.
Nestleiar/styremedlem Bjørn Bekkeheien var på val, og vart attvald for 2 år.
Skrivar/styremedlem Karen Time var på val, og vart attvald for 2 år.
Varamedlemene Marit Osland, Vidar Undheim og Arna Aune vart attvalde for 1 år.
Revisorane Ommund Norheim og Inge Haugland vart attvalde for 1 år.
Ingen kravde skriftlege val, og alle vart valde ved akklamasjon.

Valnemnda:

Jostein Stokka var på val, og tok attval. Valnemnd er då Jostein Stokka, Steinar Garborg og Dorteia Haugland.

Bryne, 12.02.25,

Karen Time, møtereferent

Ingrid Eikeland

Bolette Hognestad Ree